

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 15/13110-13
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

2165/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.01.2016

Vedlegg til sak:**Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk Gloppen kommune.****Saksutgreiing for Kvitfella II kraftverk****1. Omtale av tiltaket.**

Kvitfella og Daufosselva renn frå Sørstrandsfjella og ned mot Gloppefjorden nordvest for Sandane. Elvane renn saman til Sandeelva om lag på kote 125, ca. 500 meter før utløpet i fjorden. Eksisterande Kvitfella kraftverk har inntaksbasseng på kote 235 i Kvitfella og overføring frå Daufosselva. Rørgate og kraftstasjon ligg på nordsida av elva. (Kvitfella kraftverk: Bygt i 2004. Installasjon 1,25 MW. Produksjon 5,67 GWh/år. Minstevassføring i Daufosselva: 8 liter/sek). Det er planlagt eit nytt kraftverk med inntak i det same inntaksbassenget og med ny rørgate og kraftstasjon på sørsida av elva. Søkjar er Kvitfella kraftverk AS eigd av grunneigarane/fallretts-eigarane i området.


Kvitfella II kraftverk

Tilsig		Sum for begge kraftv.
Nedbørsfelt , km2	7,7	
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,784	
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	38	
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	53	
Fem-persentil* vinter, liter/sek	32	
Restvassføring **	102	
Kraftverk		
Inntak i eksisterande inntaksbasseng, kote	235	
Avløp, kote	50	
Lengde påvirka elvestrekning, km	1,2	
Brutto fallhøgde, meter	185	
Slukeevne, maks m3/sek	0,8	0,8+0,8 = 1,6
Slukeevne, min m3/sek	0,02	
Installert effekt, maks MW	1,25	
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	38/38	
Brukstid, timar	2088	
Produksjon		
Årleg middel, GWh	2,61	5,67 + 2,61 = 8,28
Økonomi		
Utbyggingskostnad, mill. kr.	14	
Utbyggingspris, kr/kWh	5,36	


* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

** Middelvassføring frå restfeltet til begge elvane, mellom inntak og kraftstasjon.

Kraftverket skal ha inntak i eksisterende inntaksdam på kote 235. Her er ei 15 meter lang demning med høgde ca. 2 meter som dannar eit basseng med volum 6000 m³. Det skal byggast nytt inntak til ny rørgate langs sørsida til elva. Området der den nye rørgata er planlagt, er skogkledd. Ny kraftstasjon skal byggast på same nivå som den eksisterande, men på motsett side av elva. Stasjonen skal knytast til eksisterande linjenett via ca. 200 meter ny kraftlinje. Vegtilkomst til stasjonen kan ordnast via bru over elva frå eksisterande kraftstasjon eller opprusting og forlenging av ein landbruksveg oppover langs elva frå Sande.



Kvitfella II kraftverk. Raude strekar er eksisterande vassvegar. Svart strek er ny rørgate. Blå strek er luftspenn til eksisterande 22 kV linje.



Venstre: Eksisterande inntaksbasseng med inntak til rørgate midt i bildet. Planlagt inntak til ny rørgate er markert nærare skogkanten. Høgre: Nedbørsfelt og restfelt.



Kvitfella, nedstrøms fylkesvegen (Fv 697)



Eksisterende kraftstasjon til høyre. Ny rørgate og ny stasjon på andre sida av elva er markert med raud strek.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

I det nye prosjektet er det planlagt å sleppe ei minstevassføring heile året på 38 liter/sek frå inntaksbassenget. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring, og er noko lågare enn 5-persentil sommar (53 l/sek). Tilsiget frå restfeltet (Kvitfella og Daufosselva, mellom inntaka og kraftstasjonen) er berekna til 102 liter/sek i middel like ovanfor stasjonen. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 70 dagar.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er ikkje venta nemnande negative konsekvensar av aktuelle inngrep.

Raulisteartar, sitat s. 21 i søknad.

.....
Hønsehauk (NT) er registrert i influensområdet. Elva vurderes å være en sannsynlig hekkelokalitet for fossefall på Bern liste II. Den reduserte vannføringen i driftsfasen vil være litt negativ for fossefall, mens økt støy og trafikk i anleggsfasen kan ha negativ virkning for hønsehauk. *Middels verdi og liten negativ virkning gir liten til middels negativ konsekvens (-/--).*

Terrestrisk miljø, sitat s. 22 i søkn.

Temaet terrestrisk miljø er samlet vurdert til liten verdi. Virkningen av tiltaket vurderes å være middels negativ for verdifulle naturtyper og karplanter, moser og lav og liten negativ for fugl og pattedyr. Dette gir middels negativ virkning for terrestrisk miljø. *Liten verdi og middels negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-)*

Akvatisk miljø, sitat side 22 i søknad.

Den aktuelle elvestrekningen er ikke tilgjengelig for anadrom fisk, men elvestrekningen nedstrøms kraftstasjonen har en anadrom strekning på ca. 500 m. Elveløp er en rødlistet naturtype i kategori nær truet (NT). Verdifulle lokaliteter vurderes å ha middels til liten verdi. Det er arealmessig et produksjonspotensiale på 750 smolt nedstrøms kraftstasjonen. Dette er ikke tilstrekkelig til å opprettholde en egen sjøaurebestand, men sjøaure produsert i elven kan inngå i en større metabestand. Fisk og ferskvannsorganismer har liten verdi oppstrøms kraftstasjonen og middels verdi nedstrøms kraftstasjonen. Siden verdifulle lokaliteter har middels til liten verdi gir dette liten til middels verdi for akvatisk miljø på ikke-anadrom strekning og middels verdi på anadrom strekning. Tiltaket medfører at vannføringen i elva fra planlagt inntak og ned til kraftstasjonen blir ytterligere redusert. Redusert vannføring i sommersesongen vil gi noe redusert produksjon og kan gi noe endret artssammensetning av bunndyr på berørt strekning. Ved plutselige utfall (teknisk svikt) i kraftstasjonen kan det forekomme episoder med rask reduksjon i vannføringen, noe som igjen kan medføre mulig stranding av fisk nedstrøms kraftstasjonen. Tiltaket vurderes å ha middels negativ virkning på ikke-anadrom strekning og liten negativ virkning på anadrom strekning. *Liten til middels verdi på ikke-anadrom strekning og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (-) for akvatisk miljø. Middels verdi på anadrom strekning og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-) for akvatisk miljø.*

Landskap og INON

Konsekvensvurdering: Ubetydeleg.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 24 i søkn.

Det er verken registrert treff på kulturminnesøk hos Riksantikvaren, på SEFRAK-bygninger i området eller på andre fredete kulturminner og kulturmiljøer. Det er heller ikke registrert viktige kulturlandskap eller gamle stier, veifar, steingjerder mv. Det er ikke kjent automatisk fredete kulturminner i eller nær tiltaksområdet. Det er ikke registrert noen fredede kulturminner i tiltakets influensområde når man befarte området.

Brukarinteresser/friluftsliv, sitat side 24 i søkn.

Området er til en viss grad benyttet i sammenheng med tur- og friluftsliv. Det finnes en middels stor hjortebestand som grunneierne utøver jakt på i området. Det finnes også noe småvilt som det jaktes på i de øvre delene av nedbørsfeltet. Tiltaket ventes ikke å ha noen nevneverdig virkning på dette temaet.

Samfunnsmessige verknader

Aktuell investering er kalkulert til 14 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenører. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggerane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 5,36 kr/kWh, som er langt over middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 26 i søkn.

Kvitfella II planlegges i en allerede regulert elv og vil benytte samme fall som det eksisterende Kvitfella kraftverk. Inngrepene representerer dermed ingen stor endring i forhold til dagens situasjon, men vil gi en bedre utnyttelse av kraftpotensialet. Influensområdet er også i stor grad preget av inngrep og menneskelig aktivitet i forbindelse med beboelse, landbruk og skogdrift og utbygningen vil således ikke berøre eller forringe naturressursene i området i nevneverdig grad.

Avbøtande tiltak

Det er lagt opp til å sleppe minstevassføring 38 liter/sek frå inntaksdammen på kote 235. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 2,61 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 14 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 5,36 kr/kWh, som er langt over middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med opparbeiding av ny vassveg på sørsida av elva, ny kraftstasjon og redusert vassføring i Kvitfella/Sandeeva.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Kvitfella/Daufosselva og nederst Sandeelva ligg i fjordlandskap jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Kvitfella med Fossehyllene ovanfor tiltaksområdet er markert som eit viktig landskaps-element. Nedre deler av elva har ikkje slik markering. Utbyggingsstrekninga er lite synleg både lokalt og på avstand. Elva er påverka av tidlegare utbygging og det vil bli fråført ytterlegare vassføring ved det nye utbyggingstiltaket. Elva vil renne med minstevassføring pluss vassføring frå restfeltet store deler av året.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom det vert opna for tildeling av konsesjon til Kvitfella 2 kraftverk, der viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskaps-element som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra.

Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til evet. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggsverksemd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.